



SAKSUTGREIING

ETNE KOMMUNE

Utval	Møtedato	Saknr
Styringsgruppe for kommuneplanarbeid	08.11.2016	002/16
Formannskap	22.11.2016	090/16
Etne kommunestyre	15.12.2016	091/16

Sakshandsamar:	Arkiv:	Arkivsaknr
Sven Selås Kallevik	N - 502, Hist - 14/1290	15/1003

Kommuneplanen sin samfunnsdel Etne kommune 2016-2026

TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Etne kommune kommuneplanen sin samfunnsdel for 2016-2026. Samfunnsdelen har blitt utarbeida etter plan- og bygningslova § 11-2.

08.11.2016 Styringsgruppe for kommuneplanarbeid

Framlegg til endringar i planen:

Framlegg frå Siri Klokkerstuen, Ap

Punkt 1.4, endring:

"God og aktiv tettstadsutvikling i Etne og Skånevik er sentralt i den vidare utviklinga av kommunen. Gjennom fokus på fortetting, småbyutvikling, gode bumiljø, aktivitet og møteplasser vil ein samarbeide med lokalsamfunn, næringsliv og andre om ei god utvikling i tettstadane våre. For Etnesjøen vil prosjektet Etnesjøen 2020 vera eit viktig prosjekt."

Framlegg frå AP

Punkt 2.2, endring:

"alle, i staden for flest"

Punkt 2.3, endring:

"me skal oppretthalda Politiråd, SLT og vidareføre samhandlingsplan med politi."

Punkt 2.10, endring:

"gjennom trivsel, leik, fysisk aktivitet, ernæring, og gjerne samarbeid med lag-og organisasjonar. "

Punkt 4.6, endring:

"Etne kommune bør oppretta eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande demente."

Framlegg frå Alf Ove Nilsen, Ap

Punkt 8.6 , tillegg:

"Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette."

Røysting:

Samrøystes

SK- 002/16 Vedtak:

TILRÅDING FRÅ STYRINGSGRUPPA TIL FORMANNSKAP: Samrøystes

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Etne kommune kommuneplanen sin samfunnsdel for 2016-2026. Samfunnsdelen har blitt utarbeida etter plan- og bygningslova § 11-2 med følgjande endringar:

Punkt 1.4, endring:

God og aktiv tettstadsutvikling i Etne og Skånevik er sentralt i den vidare utviklinga av kommunen. Gjennom fokus på fortetting, småbyutvikling, gode bumiljø, aktivitet og møteplasser vil ein samarbeide med lokalsamfunn, næringsliv og andre om ei god utvikling i tettstadane våre. For Etnesjøen vil prosjektet Etnesjøen 2020 vera eit viktig prosjekt.

Punkt 2.2, endring:

alle, i staden for flest

Punkt 2.3, endring:

me skal oppretthalda Politiråd, SLT og vidareføre samhandlingsplan med politi.

Punkt 2.10, endring:

gjennom trivsel, leik, fysisk aktivitet, ernæring, og gjerne samarbeid med lag-og organisasjonar.

Punkt 4.6, endring:

Etne kommune bør oppretta eit dag-/aktivitetstilbod for heimebuande demente.

Punkt 8.6 , tillegg:

Kommunen skal stimulere til fysisk aktivitet for dei tilsette.

22.11.2016 Formannskap

F- 090/16 Vedtak:

TILRÅDING FRÅ FORMANNSKAPET TIL KOMMUNESTYRET: samrøystes

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Etne kommune kommuneplanen sin samfunnsdel for 2016-2026. Samfunnsdelen har blitt utarbeida etter plan- og bygningslova § 11-2.

15.12.2016 Etne kommunestyre

K- 091/16 Vedtak:

Samrøystes

Med heimel i plan- og bygningslova § 11-15 vedtek Etne kommune kommuneplanen sin samfunnsdel for 2016-2026. Samfunnsdelen har blitt utarbeida etter plan- og bygningslova § 11-2.

SAKSUTGREIING:

Innleiing (bakgrunn for saka)

Plan- og bygningslova §11-1 heimlar krav til kommunen om å ha ein kommuneplan. Formannskapet vedtok i møte 17.03.2016 å sende forslag til kommuneplanen sin samfunnsdel på høyring. Høyringsforslaget vart sendt til offentlege organ, interesseorganisasjonar, nabokommunar og enkelte privatpersonar. Forslaget låg ute til offentleg høyring i seks veker i haust, med høyringsfrist 3. oktober 2016.

Dette er ei 2. gangsbehandling for kommuneplanen sin samfunnsdel. Bakgrunnen for sjølve planen og vurderingane ein har gjort i sjølve arbeidet med planen, blei behandla i 1. gangsbehandling i sak 15/1003 i formannskapsmøte 17.03.2016. Ein vil ikkje presentere dette på ny. Ein har gjort ein del endringar i høve til planforslaget som blei sendt på høyring. Administrasjonen har vurdert det slik at endringane i ulik grad; allereie er omfatta av lov, allereie vel innarbeida i kommunen sitt arbeid eller berre mindre endringar. Med bakgrunn i dette meiner administrasjonen at det ikkje er grunnlag for å sende endeleg planforslag på ny høyringsrunde.

Forslag til endringar av planforslag følgjer under. Endringane er markert i gult. Der heile punkt er nye er berre nummeret markert gult.

Endringar:

Innleiing

Inkludert avsnitt om medverknad til planen.

Samfunnsutvikling

Etne kommune er ein god kommune å bu i – med satsing på born og unge, folkehelse og gode bumiljø.

1.1. Kommunen skal gjennom ambisjonar som «best i vekst» og slagord som «Me gjere de' i Etne»

vise at ein heile tida jobbar for å bli betre. Det er eit mål å framleis vera leiende på kultur og handel i indre delar av regionen.

1.2. Folkehelse skal vere eit satsingsområde i Etne kommune. Ei årleg oppdatert folkehelseoversikt skal ligge som grunnlag for utarbeiding av alt planverk.

1.3. Reiselivssatsinga skal ha grobottn i samspelet mellom friluftsliv, natur og kultur.

1.4. God og aktiv tettstadsutvikling i Etne og Skånøvik er sentralt i den vidare utviklinga av kommunen. For Etnesjøen vil dette i stor grad bli gjennomført gjennom prosjektet *Etnesjøen 2020*.

1.5. Universell utforming skal ivaretaast i alle kommunens einingar og prosjekter.

Felles for oppvekst

2.2. Me skal arbeida for at flest mogleg born og unge får utnytta ressursane sine og verta godt inkludert i det ordinære opplegget i barnehage, skule og **SFO**.

2.3. Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Me har null-toleranse for mobbing. Me har null-toleranse for mobbing. **Me skal oppretthalda Politiråd og videreføra samhandlingsplan med politi.**

SFO

2.10. Skulefritidsordningane skal ta utgangspunkt i skulen sin visjon og vere helsefremmande gjennom ernæring, trivsel, leik og fysisk aktivitet.

2.11. Leiar for SFO skal ha formell kompetanse med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller høgare utdanning.

Bustad og næring

5.4. Etne kommune skal ha ein god arena for dialog og samarbeid med næringslivet, **mellom anna gjennom aktiv deltaking i Tomteselskapet Etne AS som er eit samarbeid mellom næringslivet og Etne kommune for utvikling og salg av tomter i Etne.**

Samferdsle

7.5. Arbeida for at Fylkesveg **48 og 34** vert prioritert og utbetra.

7.7. Etne kommune vil fortsette arbeidet med å legge til rette for vegutløyning mellom Sauda og Etne.

Problemstilling

Formannskapet må gjera endeleg vedtak av kommuneplanen sin samfunnsdel.

Vurdering

Før ein presenterer merknadshandsaminga etter den offentlege høyringa, vil ein gjere merksam på at kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) ikkje skal omhandle alt av kommunen sine oppgåver. Det er fokusområder som er tatt opp – og såleis er det ikkje alt av innspel som vil vere relevant å handsame

her.

Merknadene er noko forkorta og dei konkrete delane av innspela som krev tilbakemelding er prioritert. Merknadene er ofte prega av gjentakingar frå kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) og ein har derfor vald å forkorte dei fleste merknadene. Dersom ein ynskjer å få tilgang til dei fullstendige merknadene kan ein ta kontakt med sakshandsamar. Merknadene står i alfabetisk rekkefølge.

Direktoratet for mineralforvaltning (DMF)

DMF anbefalar at kommunen legg opp til ei kartlegging av ressurstilgang og behov for mineralressursar ved neste revidering av kommuneplanen. Vidare ynskjer DMF at: *«nærleik til mineralske ressursar skal være ei del av utredningane i dei tilfelle det skal fortettast for byggje og anleggstiltak eller andre formål som kan avgrense moglegheit for utnytting av mineralske ressursar i nærleiken.»* Kommunen bør legge inn ei generell retningslinje om at ein ikkje skal bygge ned viktige mineralske ressursar, eller på anna måte legge til rette for arealbruk som kan verke begrensande for moglegheita for å utnytte ressursar som er viktige i regiona eller nasjonalt.

Sakshandsamar sin merknad: Viktigheita av mineralske ressursar er stor i ein kommune som Etne. Me ynskjer til ei kvar tid å ha oppdaterte planverk på mineralske ressursar. Planstrategien for Etne kommune 2016-2020 stadfester at arbeidet med ein revisjon av temaplan for sand- og grusressursane skal takast opp igjen dersom næringa ynskjer dette. Når det gjeld å ta omsyn til mineralske ressursar i utredningar, eller arealbruk som kan øydelegge for framtidig utnytting av mineralske ressursar, ser kommunen for seg å ta inn omsynssoner for mineralske ressursar. Dette jamfør høyringsforslag frå departement om endringar i plan- og bygningslova § 11-8 tredje ledd bokstav c om å ta inn mineralressursar som omsynssone. Om kommunen vel å legge dette inn som ein omsynssone eller eit eige temakart er ikkje avklart på noverande tidspunkt.

Etne, Ølen og Vindafjord Trav og Hestelag

Etne, Ølen og Vindafjord Trav og Hestelag ynskjer eit løypenett for hestesport der deler av løypenettet er tilrettelagt for fleirbruk og såleis ope for gåande, joggande og syklistar.

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune ynskjer tiltak knytt til bruk av hest velkommen. Ein finn likevel at detaljeringsnivået på eit slikt innspel ikkje vil samsvare med resten av kommuneplanen sin samfunnsdel. Ein har vald å ikkje gå spesifikt inn i enkelte idrettar eller typar sport. Innspelet høyrer såleis betre heime i kommunen sin kulturplan som per tid er under revisjon. Innspelet vil vidareformidlast til eining for kultur.

Fikse – Etne og Vindafjord Næringsutvikling

Fikse næringsutvikling sin uttale er basert på innspel frå 10. april 2015, samt frå bedrifter og styrehandsaming i 2016.

- Planen manglar overordna mål, på tvers av inndelingane i planen.

Sakshandsamar sin merknad: Det vil bli innarbeida overordna mål om samfunnsutvikling.

- Det er næringslivet som skapar verdiane som skal til fordeling, og burde soleis vore eit naturleg hovudfokusområde.

Sakshandsamar sin merknad: Kommunen legg til rette for areal og tenestetilbod – samt gjer ein del næringsarbeid i eigen regi. I tillegg er kommunen sitt arbeid med næringsutvikling ivareteke gjennom arbeid i interkommunale selskap.

Konkrete innspel til planen:

- 4.4. synest me som næringsforening for bedriftene i Etne bør vera meir spesifikk.

Sakshandsamar sin merknad: Det er gjort forsøk på å halde eit jamt detaljeringsnivå gjennom heile planen. Det er med andre ord ikkje ynskjeleg å gå for mye i detalj kring særskilde tema.

- det er underleg at Etne kommune som eig 49% av Tomteselskapet Etne AS ikkje nemner dette.

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune er einig i at Tomteselskapet bør nemnast. Under punkt 4.4 er det føydd til ... , mellom anna gjennom deltaking i Tomteselskapet Etne AS som er eit samarbeid mellom næringslivet og Etne kommune for utvikling og salg av tomter i Etne.

- Etne kommune bør prioritera mellom Fv. 34 og 48. Begge må vidareførast, men ein bør satsast på. Etter vår meining er det mest hensiktsmessig at dette er Fv. 48.

Sakshandsamar sin merknad: Kommunen arbeider aktivt saman med Statens vegvesen i opprusting av Fv. 48. Ein vil i kommuneplanen endre punkt 6.5. frå ...Fylkesveg 34 og 48... til ...Fylkesveg 48 og 34... for å synleggjere prioritering.

- Planen bør seie noko meir konkret om mål for standard på kommunale vegar.

Sakshandsamar sin merknad: KPS har eit gjennomgåande detaljeringsnivå som er høgare enn mål for standard på kommunale vegar. Følgjande er notis får drift og vedlikehald om standard på kommunale vegar: HIM krev 5 m bred veg. Etne kommune krev 10t akseltrykk (masser skal tilpassast og leggast frem i en plan) AGB16 – 120 cm som minstekrav til asfaltdekke. Elles ref. reguleringsplan og rør/ledningar i henhald til KS-standard og VA-miljøblad og VA-normer.

- Arealkonfliktar er ei utfordring mange stadar i Etne. Ein bør sjå på om krav til nydyrking eller erstatningsjord kan bidra til å redusera konfliktar rundt jordvern.

Sakshandsamar sin merknad: Det er vurdert til at KPS ikkje skal, så langt det er formålstenleg, ta for seg ting som er direkte gitt i lovverk. Konfliktar rundt jordvern er vel omhandla i jordlova § 9. Her står det mellom anna at det ved omdisponering av dyrka jord «kan krevjast lagt fram alternative løysingar». Dette er noko kommunen har nyleg erfaring med frå planlegging av trasé for ny E134.

- Prinsippet om rett næring til rett plass bør òg gjelde sentrumsareal.

Sakshandsamar sin merknad: Arealdisponering kring næring vil bli nærmare konkretisert i kommuneplanen sin arealdel.

- Det bør seiast noko om mål for sentrumsutvikling i Etne og Skånevik. Avgrensing av område og ønska bruk av arealet.

Sakshandsamar sin merknad: Punkt om sentrumsutvikling vil bli tatt inn som eit overordna mål for kommunen. Avgrensing av sentrumsområde vil bli nærmare omhandla i kommuneplanen sin arealdel.

Fiskeridirektoratet

Det er ei rekke låssettingsplassar i Etne kommune som nyttast til låssetting av brisling. Fleire fylker deltar, og det er derfor å rekna til å vere av nasjonal/regional verdi. Fiskeridirektoratet region Vest pleier å krevje å få viktige låssettingsplassar og trålfelt med i arealplanen.

Etne har lokalitetar for stamfisk laksefisk, matfisk laksefisk og settefisk i kommunen. Det er viktig at desse får rom til å utvikle seg slik som det står i planprogrammet til kommuneplanen.

Fiskeridirektoratet region Vest pleier å krevje å få gytefelt med i arealplanen til kommuneplanen.

Det står i samfunnsdelen til kommuneplanen at industriareal ikkje bør leggast i nærleiken av bustadområde eller motsett. Dette bør kommunen òg tenke på i samband med akvakultur slik at ein får redusert/unngått eventuelle konfliktar mellom akvakultur og busetnad.

Sakshandsamar sin merknad: Dei fleste punkta i uttalen frå Fiskeridirektoratet vil bli innarbeid i kommuneplanen sin arealdel. Dette gjeld alt av kartfesta registreringar som er pålagde (til dømes låssetting, lokalitetar for stamfisk og settefisk, trålfelt og gytefelt). Kommunen vil gå i nærmare kommunikasjon med fiskeridirektoratet og fylkeskommune ved behov i seinare planlegging.

Etablering av akvakultur nær bustadområder er eit tema som har vore oppe til diskusjon i administrasjonen. Det er ei forståing for situasjonen og det vil vere eit bakteppe for vidare planlegging og arbeid med kommuneplanen sin arealdel.

Friluftsrådet Vest

- Friluftsrådet Vest oppfordrer kommunen til å ha en aktiv og bevisst holdning i forhold til å legge til rette for utfoldelse av fysisk aktivitet og friluftslivsaktiviteter, herunder også tilrettelegging av turveier, gang- og sykkelstier.
- Man bør få inn som et mål i kommuneplanen at man gjennom kommunal planlegging bør sørge for at alle kan få tilgang på gode natur- og friluftsopplevelser i sitt nære oppvekstmiljø.
- I henhold til ønsket om en mer fysisk aktiv befolkning bør man ved planlegging av nye boligfelt og næringsarealer også se på gode helhetlige transportløsninger for bruk av ikke-motoriserte fremkomstmidler.
- Kommunen bør videre påse at det ved utbygging av turveier i Etne tas høyde for at disse blir bygget slik at de tilfredsstillende de lovpålagte UU krav blant annet til helningsgradienter.
- En bør ved utbygging i strandsone legge til rette for en turvei/kyststi langs sjøen.
- Det bør bli langt inn muligheter for allmenn ferdsel gjennom eller forbi utbyggingsområder, hyttefelt og naustområder. Når man gir tillatelse til bygging av naust bør utbygger pålegges å lage sti/turvei som tydelig viser at det mulig for alle å bevege seg gjennom et slikt område.
- Vi foreslår en inngrepsfri marin buffersone på minst 200 meter fra alle offentlige badeplasser.
- Samspillet mellom friluftsliv, natur og kultur bør gjenspeiles i kommunens satsing innenfor reiselivsnæringen.

Sakshandsamar sin merknad: Kommunen held på med kartlegging av friluftsområder. Dette er eit viktig arbeid for å sikre at etablerte friluftsområder blir tatt vel vare på i vidare kommunal forvaltning. Friluftsrådet sine områder i kommunen blir ein del av dei kartlagde områda som blir sikra ekstra merksemd i vidare forvaltning (dette gjeld og offentlege badeplasser). Det vil bli tatt inn mål om universell utforming (UU) i overordna mål om samfunnsutvikling. Det vil vere naturleg at dette også vil omhandle turveger. Punkt 9.9. stadfester at ålmenta skal sikrast tilkomst til sjø. Det er allereie planer om, og starta opparbeiding av, ein turveg/gangveg langs strandkanten i sentrumsområda. Kommuneplanen sin arealdel (KPA) er til revisjon. I samband med denne vil det utgreiast eit arealrekneskap og ein strategi for arealnytting. I konsekvensutgreiing av tiltak (som bustad, næring og liknande) vil tema som friluftsliv, folkehelse, transport, miljø, universell utforming og tilgjenge for ålmenta vere sentrale faktorar. Kommunen er heilt einig i at **samspelet mellom friluftsliv, natur og kultur bør byggast vidare på**. Dette er innarbeida i overordna målsetting.

Fylkesmannen i Hordaland

Fylkesmannen tykkjer det er utarbeidd ein oversiktleg samfunnsdel til kommuneplanen. Framlegget er strukturert, oversiktleg og lettlest. Den konkrete forma gjer at koplinga mellom visjon, målsetting og handling er tett og lett å følgja. Fylkesmannen saknar ein del tema, som sett ut i frå deira ansvarsområde, burde vert løfta meir fram i planen. Dette gjeld særskilt samfunnstryggleik og beredskap og friluftsliv.

- Risiko og sårbarheit. Kommunen skal i KPS gjere greie for samanhengen mellom heilskapleg ROS og ROS i arealplansamanheng. Kommunen bør skildre korleis arbeidet vert strukturert.

Sakshandsamar sin merknad: Overordna ROS-analyse er kunnskapsgrunnlag for vidare ROS-arbeid i kommunen. Pbl skildrar i §4-3 inngåande kva forhold kommunen må forhalde seg til ved ROS i arealplansamanheng. ROS vil bli utarbeida for kvart enkelt innspel til KPA.

- Folkehelse. Fylkesmannen rår kommunen til å setje meir fokus på utjamning av sosiale helseforskjellar i den vidare planlegginga.

Sakshandsamar sin merknad: Sosiale helseforskjellar er ikkje tatt med i kommunen sin

folkehelseoversikt per tid. Dette vil vere naturleg å fokusere på ved rullering av folkehelseoversikten tidlig vår 2017.

- For å oppnå målet om friluftsliv for alle i næringsmiljøet og i naturen elles, er det viktig å ivareta eit breitt spekter av område med ulike kvalitetar som gjer det mogleg for alle å delta i friluftsliv ut frå eigne preferansar og der dei helst vil. Etter vår vurdering er ikkje dette godt nok ivareteke i samfunnsdelen.

Sakshandsamar sin merknad: Det er to konkrete mål under *Kultur og fritid* som omhandlar friluftsliv. Etne kommune meiner det aldri kan bli for mykje fokus på friluftsliv, men det er slik at KPS er prioriterte fokusområder for kommunen. Kommunen har eit glimrande friluftslivstilbod, og administrasjonen meiner såleis at dette ikkje vil vere eit større fokusområde enn det som er nemnt i KPS. Dei aller fleste i Etne har utmark i direkte nærleik til heimen sin. Vidare konkretisering og omtale av friluftsliv finn sin naturlege plass i revidert kulturplan når denne er ferdigstilt.

- Arealstrategi – lokalisering bustad/næring. Fylkesmannen rår til å lage ein arealstrategi som analyserer trongen for meir utbyggingsareal for bustader på bakgrunn av prognoser for folketalsvekst og eksisterande utbyggingsareal. Det same gjeld næringsareal.

Sakshandsamar sin merknad: Ein vil i arbeidet med revisjon av KPA utarbeide eit arealrekneskap for både bustader og næringsverksemd. Dette arealrekneskapet vil, saman med folketalsutvikling og eksisterande utbyggingsareal, vere grunnlag for kva arealdisponering kommunen legg opp til i KPA. Ein ser dette som ei tilstrekkeleg utredning i samband med KPA. Ein arealstrategi vil, etter kommunen si meining, ikkje vere ei ynskeleg ressursbruk.

- Strandsoner. Fylkesmannen tykkjer det er uheldig at kommunen ønskjer fast busetnad i strandsona. Vi meiner at dei sjønære områda skal nyttast til maritime arealføremål som kaier, småbåtanlegg, naust og liknande. Det er elles bra at kommunen vil planleggja slik at ålmenta skal ha tilgjenge til sjø i nye bustadområde.

Sakshandsamar sin merknad: Det er ei misforståing at kommunen ynskjer fast busetnad i strandsona. Punkt 9.9. seier at: *I sjønære sentrumsområde skal bustadbygging prioriterast framfor hyttebygging, i den grad det er aktuelt å gje løyve til bygging i strandsona...* Altså er det ikkje noko ynskje å ha busetnad i strandsona – men det skal prioriterast dersom det er aktuelt å gi løyve. Strandsona vil, i sentrumsnære områder mellom anna, sikrast gjennom funksjonell strandsoner. Vidare kan ein informere om planane om strandpromenade i Etnesjøen (frå prosjektet «*Etnesjøen 2020*). Dette er òg noko som er ynskjeleg i Skånøvik.

- Universell utforming. Mål og strategiar for å fremme universell utforming bør innarbeidast i kommuneplanen sin samfunnsdel. Vi rår såleis til at kommunen vier universell utforming meir fokus og at det vert lagt til grunn for vidare planlegging.

Sakshandsamar sin merknad: Punkt om **universell utforming** vil bli tatt med i ny overordna måldel.

Haugaland og Sunnhordland politidistrikt

I kapittel 9, spesielt i samband med 9.13 – ber eg kommunen fletta inn: «*Etne kommune skal videreføra SLT ordninga og ikkje minst oppretthalda Politiråd og videreføra samhandlingplan med politi.*»

Sakshandsamar sin merknad: Punkt 9.13 er lagt inn under arealdisponering og omfattar såleis bruk og tilrettelegging av areal i kommunen. Etne kommune meiner likevel at SLT-arbeidet, og arbeid i politiråd, er så viktig at det bør inn i samfunnsdelen. SLT-arbeidet bør komme inn i punkt 1.3. under *Born og unge*. Nytt punkt blir då:

1.3. Me skal arbeida førebyggjande mot mobbing, overgrep, rusmisbruk, vald og kriminalitet. Me har null-toleranse for mobbing. **Me skal oppretthalda Politiråd og videreføra samhandlingsplan med politi.**

Hordaland Fylkeskommune

- Fylkeskommunen saknar ein overordna og heilskapeleg visjon som gjev eit bilde av kva slags rolle Etne kommune skal ha i framtida.

Sakshandsamar sin merknad: Ein vel å ta inn overordna punkt/mål, i nytt tema om **samfunnsutvikling**, om kva slags rolle Etne kommune skal ha i framtida.

- ...samfunnsdelen til Etne kommune har eit lettfatteleg og godt språk. Kommunen har valt å ta ut grunngevinga og bakgrunnen for måla i planen og leggje dette ved i andre dokument. I sjølve samfunnsplanen er det dermed berre dei nye definerte måla for framtidig utvikling som ligg føre. Det hadde vore positivt dersom måla i samfunnsplanen tydelegare vart knytt opp mot dei noverande og framtidige utfordringane. Slik planen ligg føre er det noko uklart som er bakgrunnen for måla i samfunnsdelen. Det hadde vore positivt med ein tydelegare samanheng mellom utfordringane kommunen står føre og korleis dei nye måla står opp under ei god framtidig utvikling.

Sakshandsamar sin merknad: Kommunen har vurdert det slik at dersom ein skulle oppnå å få ein lettlest og brukarvennleg plan kunne ein ikkje ta med alle grunngevingar, og bakgrunn og utfordringar. Ein har vurdert det slik at dersom ein ynskjer å sjå bakgrunnen er det tilstrekkeleg at ein nyttar politisk sak til å finne dette. I politisk sak er det omfattande bakgrunnsmateriale for kvart tema og alle måla. Utfordringane kommunen står føre er heller ikkje blitt tatt med – nettopp for å oppretthalde planen sin verdi som lettlest og brukarvennleg. Kommunen sine utfordringar er godt omtala i planprogram, kommunal planstrategi, økonomiplan og liknande. Kommunen hadde som mål å utarbeide eit styringsdokument som skulle bli brukt. Heilt sentralt var det då å lage ein plan som ikkje blei for omfattande og uhandgripeleg.

- I samfunnsdelen til Etne kommune kjem det ikkje tydeleg fram korleis kommunen har arbeida med medverknad i samband med utarbeiding av planen.

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune vil vise til at ein vel (som hovudregel) å ikkje ta med emner, tema og liknande som er bestemt av lov. Plan- og bygningslova §5-1, §5-2 seier tydeleg at alle som fremmer eit planforslag skal legge til rette for medverknad. Kommunen har i fleire omgangar hatt folkemøter og ein har annonsert om moglegheiter for medverknad både i lokalavis og på kommunen sine heimesider. Formannskapet har vore politisk styringsgruppe. Meir om dette står i den politiske saka som var vedlagt samfunnsdelen. Ein har inkludert **avsnitt om medverknad** i innleiing.

- ...Samfunnsplanen er ikkje presentert og diskutert i det regionale planforumet.

Sakshandsamar sin merknad: Kommunen har vurdert det slik at ein vel å prioritere kommuneplanen sin arealdelen (KPA) til regionalt planforum.

- Det hadde vore positivt dersom det kom tydelegare fram i planen at bustadområde, arbeidsplassintensive næringsområde, skule og barnehage bør lokaliserast nær kvarandre og i tilknytning til kollektivnett.

Sakshandsamar sin merknad: Dette ser kommunen på som vel tatt hand om i regionale planer (Areal og transportplan for Haugalandet og Tettsted og Regional plan for attraktive senter i Hordaland). Nemnde planer vil gje føringar for revisjon av KPA.

- Det hadde vore positivt om samfunnsplanen hadde hatt ei drøfting om målsetting for kva slags rolle Etne kommune skal ha i ein regional samanheng.

Sakshandsamar sin merknad: Det vil bli innlemma eit overordna tema om **samfunnsutvikling**.

- ...sentrumavgrensing i senterområde... Retningslinene for arealplanar i sentrumsområde seier at sentrumsutstrekning skal fastsetjast i kommune(del)plan eller i reguleringsplan for sentrum.

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune finn det meir naturleg at denne avgrensinga finn stad i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel.

- Etne kommune har eit rikt kulturliv, og det hadde vore positivt dersom samfunnsplanen hadde drøfta korleis ein kan oppretthalda og vidareutvikle dette.

Sakshandsamar sin merknad: Kommunen finn det naturleg at ein slik diskusjon høyrer heime i forbinding med revisjon av *kulturplanen*. Viser elles igjen til den politiske saka for drøftingar.

- Folkehelse. Kommunen ønskjer å innarbeide folkehelseperspektivet i alt planverk framfor å ha ein eigen plan for temaet. Dette er ein styrkje og er i tråd med dei nasjonale og regionale føringar om det samfunnsretta folkehelsearbeidet - «helse i alt vi gjer».

I samfunnsplanen er folkehelse definert som eit av tre hovudsatsingsområde. Denne satsinga er noko uklar i dokumentet. Ein har med viktige innsatsområde utan å være tydeleg på at dette er samfunnsretta folkehelsearbeid. Folkehelse er nemnt i samfunnsdelen under overskrifta helse og omsorg kor det i stor grad er fokus på konkrete helse- og omsorgstenester. Nokre av områda som dei som er trekte fram under helse- og omsorgstenestene er ikkje folkehelsearbeid i brei forstand, men førebyggjande innsats innanfor helse og omsorgstenestene. Dette bør ikkje merkast som kommunen sine viktigaste tiltak for å betre folkehelsa (punkt 3.2, 3.4, 3.5. og 3.6). Dette er viktige innsatsområder for dei som allereie har utvikla sjukdom, men fangar ikkje førebyggjande innsats for å sikre at nye kjem inn i høgrisikogruppene.

I samfunnsdelen som ligg føre er det teke med innsatsområder der kommunen både som planleggar og tenesteytar kan skape gode rammevilkår for helse, men desse ligg ikkje under overskrifta for folkehelse.

Folkehelsearbeidet må famne breiare enn førebyggjande innsats retta mot dei som allereie er sjuke. Dette krev ei brei samfunnsmessig og tverrsektoriell tilnærming med fokus på dei påverknadsfaktorane som har verknad på folkehelsa. Vi ber Etne kommune tydeleggjere dei rammene som skaper gode levekår. Kommunen ønskjer å setja fokus på sosial ulikskap i helse. Vi saknar at dette blir tematisert eksplisitt i plandokumentet.

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune set stor pris på fyldig tilbakemelding på folkehelsearbeidet ein har starta opp. Det er viktig å understreke at arbeidet i kommunen berre er i startfasen enno – og ein veit enno ikkje heilt korleis alt skal implementerast. Å sette fokus på folkehelse i KPS var første steg på vegen. Etter samtale og møte med Fylkeskommunen ser sakshandsamar at det vil vere meir i høve til folkehelselova å sette fokuset på folkehelse i breid forstand. Det vil seie at ein vel å fokusere på det forebyggjande arbeidet som gjerast lenge før ein blir sjuk. Med bakgrunn i dette vel ein å:

1) Det vil bli innlemma overordna mål om folkehelse i nytt tema; *Samfunnsutvikling*.

2) Ein vil gå over måla for å sjå om dei *matchar den overordna folkehelsemålsettinga*.

Det vil vere ei naturleg målsetting å vidareutvikle folkehelsearbeidet basert på dei erfaringane ein gjer seg med folkehelseoversikt, planstrategi og kommuneplanen.

- Næringsutvikling. Det hadde vore positivt dersom kommunen hadde hatt ein meir gjennomarbeida og framtidsretta plan knytt til næringsutvikling.

Sakshandsamar sin merknad: Etne kommune har eit godt samarbeid med Vindafjord kommune gjennom selskapet «Fikse Etne og Vindafjord Næringsutvikling». Selskapet arbeider for næringa sine interesser i dei to kommunane. Kommunen har relativt små forhold noko som opnar for eit tett

samarbeid med aktørane.

- Næring og arealbruk. Det er slått fast at plasskrevjande næringar skal lokaliserast i utkanten av sentrum og at detaljhandel skal liggja i sentrum, dvs. «i sentrum eller innanfor 10 minutts gåavstand får sentrum». Etne har eit variert næringsliv, og samfunnsplanen bør ta opp i seg ein større bredde. Vi oppmodar til å invitera inn næringslivet aktivt i medverknadsprosessen.

Sakshandsamar sin merknad: Lokalisering av næring og detaljhandel er godt regulert av regionale planer som Areal og Transportplan for Haugalandet og Attraktive senter i Hordaland. Kommunen vil i arbeidet med ny KPA fylgje retningslinjer frå desse planane nøye. Næringslivet i Etne er representert i kommuneplanarbeid gjennom selskapet Fikse Etne og Vindafjord Næringsutvikling. Selskapet tek vare på næringa sine interesser opp mot kommunale planer (sjå innspel frå Fikse Næringsutvikling).

- ROS og beredskap. Vi saknar konkrete mål om havnivåstigning og stormflo.

Sakshandsamar sin merknad: Havnivåstigning og stormflo vil vere naturlege tema som vil bli omhandla i KPA, samt i konsekvensutgreiingar i samband med KPA. Me nyttar tilrådingar frå NVE. Dette er òg tema i Energi- og klimaplan for Etne kommune.

- Samfunnsdelen kunne med fordel drøfta korleis ein skal sikre transportmiddel med lågare eller null utslepp. Fleire ladestasjonar og fyllestasjonar for hydrogen bør vere aktuelle mål, inkl. normalladepunkt i større parkeringsanlegg.

Sakshandsamar sin merknad: Tiltak for å gjere samferdsel grønnare er tatt med i Etne kommune sin Energi- og klimaplan. Det er i etterkant av etablering av denne opparbeida ladepunkt ved offentlege bygg – samt hurtiglading ved Etne senter.

- Hordaland fylkeskommune saknar ei meir tydeleg drøfting av kva visjonar og mål kommunen har for mellom anna lokal samfunnsutvikling og næring. Vi saknar også ein overordna visjon og mål for Etne si rolle i ein regional samanheng.

Sakshandsamar sin merknad: Det vil bli innarbeid overordna mål under temaet **Samfunnsutvikling**. Drøfting vil ikkje vere ein del av denne planen – men høyrer heime den politiske saka.

Kystverket Vest

Kystverket har tidlegare uttala seg til kommuneplanen. Me har ingen vidare merknader til planen slik den føreligg no.

Mattilsynet

Etter Mattilsynet si vurdering er det ikkje nokon openbare brot på regelverket Mattilsynet forvaltar.

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE)

NVE har ingen merknader til planframlegget.

Sauda kommune

Sauda kommune saknar eit nedfelt mål om ny vegutløysing mellom kommunane – ny veg mellom E134 i Etne og Fv520 i Sauda. Det er lagt ned mykje arbeid og ressursar i denne saka til no og arbeid ut reguleringsplanar i begge kommunar. Ynskjer at det blir tatt inn formulerte mål om dette i planen – då dette vil ha stor betydning for dei to kommunane.

Sakshandsamar sin merknad: Reguleringsplanen i Stordalen har dessverre, av ulike årsakar, ikkje blitt endeleg vedteken. Det har vore fleire motsegn til planen som ikkje har blitt løyst. Reguleringsplanen vil bli tatt nærmare i augesyn i forbindelse med revisjon av kommuneplanen sin arealdel. Administrasjonen foreslår at dette punktet tas inn i samfunnsdelen: **6.7. Etne kommune vil fortsette arbeidet med å legg til rette for vegutløysing mellom Sauda og Etne.**

Skule og fritidsordning

1. Begge skulefritidsordningane skal ta utgangspunkt i skulen sin visjon i sitt daglege virke. Innhaldet i tenesta skal utformast i ein kvalitetsstandard.
2. SFO skal vera helsefremjande ved å ha merksemd på ernæring, trivsel, leik og fysisk aktivitet.
3. Leiar for SFO skal ha formell kompetanse med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller høgskuleutdanning.
4. SFO skal legge til rette for at borna har medverknad på innhaldet.
5. SFO skal leggja til rette for at foreldre kan ha medverknad for å fremja god kvalitet på tilbodet.

Sakshandsamar sin merknad: Tal på mål må reduserast for å betre samsvare med tilsvarande tema under *Born og unge*. Sakshandsamar meiner at punkt 2 er delvis omhandla i punkt 2.1. i samfunnsdelen. Foreslår å slå saman punkt 1 og 2 til eitt punkt. Punkt 3 blir tatt inn som punkt i samfunnsdelen. Sakshandsamar meiner vidare at punkt 4 og 5 har for høg detaljeringsgrad i forhold til resten av planen og høyrer heime i interne planar eller fagplanar for SFO/skulen. SFO blir òg lagt til i punkt 2.2. Nye punkt blir då:

Felles for oppvekst

2.2. Me skal arbeida for at flest mogleg born og unge får utnytta ressursane sine og verta godt inkludert i det ordinære opplegget i barnehage, skule og SFO.

SFO

2.10. Skulefritidsordningane skal ta utgangspunkt i skulen sin visjon og vere helsefremmande gjennom ernæring, trivsel, leik og fysisk aktivitet.

2.11. Leiar for SFO skal ha formell kompetanse med fagbrev i barne- og ungdomsarbeidarfaget eller høgare utdanning.

Skånevik båtforening (SBF)

SBF antar at framtidig bruk av Havn/Havnaklubben vil få en positiv avklaring i en snarlig reguleringsplan for området, og at båtforeningens og innbyggernes interesser for et attraktivt friområde og båthavn får høy prioritet.

Sakshandsamar sin merknad: Administrasjonen har fått SKB sitt innspel om endring av arealformål for Hamnaklubben. Området har eit arealformål som ikkje reflekterer faktisk bruk, dette er kommunen klar over. Detaljane rundt endringar i arealformål i kommuneplanen vil bli handsama i samband med revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Statens Vegvesen

Statens vegvesen understreker at det er positivt at kommuneplanlegging prioriterer gange, sykkel og tilrettelegging for mjuke trafikkantar. Vegvesenet saknar ein enkel omtale om kommunen si satsing på universell utforming og tilgjenge for alle. Vidare meiner vegvesenet at kommunen bør nemne planane om ei framtidig miljøgate gjennom Etne sentrum som skissert i prosjektet «Etnesjøen 2020».

Sakshandsamar sin merknad: Mål om universell utforming blir tatt inn i overordna måldel. Kommunen si deltaking i prosjektet «Etnesjøen 2020» vil òg bli nemnt i overordna måldel om samfunnsutvikling.

Vedlegg i saka:

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
----------	--------	--------

Dok.dato	Tittel	Dok.ID
08.11.2016	Kommuneplan_samfunnsdel_Etne_2016-2026	1361867

Saksgang:

Politisk styringsgruppe for kommuneplan
Formannskap
Kommunestyre

Utskrift med vedlegg til:

<Fyll inn rett namn og adresse>

Utskrift til:

Tenestetorget for fakturering og utsending av særutskrift

Faktura skal sendes til: <Fyll inn fakturamottakar>